



ALLTID BEREDT

Ryvarden krets

Invitasjon til emnekurs

Målgruppe:	Stifinnarar, vandrarar, roverar og leiarar
Tid:	Fredag 2. februar 2024
Stad:	Speidarhytta til Skudnes på Hovdastad, ca 5km nord for Skudneshavn.
Påmelding:	På e-post til ryvarden@speiding.no Påmeldingsfrist er søndag 28. januar
Pris:	Kr. 100,- pr. person (gruppa vert fakturert samla)

1.Skudneshavn sjøspeidargruppe inviterer med dette til emnekurs for både små og store. Stad er speidarhytta på skudnes og oppmøte er frå kl.18.30. Det vert servert middag på kvelden og frukost laurdag morgon. Det vert moglegheit for overnatting både ute og inne. Gi beskjed ved påmelding om de ynskjer å overnatte inne eller ute og dersom det er nokon allergiar me skal ta omsyn til.

Dette vert ein kveld med aktivitetar for både speidarar og leiarar/roverar. Ta med klede for å vere både inne og ute. Og elles det du treng dersom du skal overnatte.

For roverane og leiarane kjem røde kors og held kurs i psykososial fyrstehjelp. På dette kurset er det plass til 15-20 deltakarar.

For speidarane vert det litt ulike aktivitetar, blant anna matlaging og kurs i knutar/pionering. Det vert gjerne fleire aktivitetar å velje mellom dersom det vert mange påmeldte.

Og som alltid vert det god tid til kos, å vere sosial og gjerne få nokre nye speidarvenner! Me håpar mange har lyst å ta turen denne kvelden! ☺

Ansvarleg for kurset er 1.Skudneshavn sjøspeidargruppe. Spørsmål om kurset kan rettast til arald15@msn.com eller til kretssekretær.

Speiderhelsing

Kretsstyret / 1.Skudneshavn sjøspeidargruppe